

Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog – Einarvatnet NR, Flekkefjord og Lund kommunar

Statsforvaltaren i Rogaland sendte 18. februar 2021 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog på Einarvatnet Naturreservat i Flekkefjord og Lund kommunar.

Det kom i alt elleve (11) merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegna og legg til vår vurdering.

Statens vegvesen har ingen merknader til utviding av Einarvatnet naturreservat.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

Statnett SF har ingen anlegg eller planar for området omfatta av utvidinga og difor ingen merknader.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

Lyse Elnett AS har ingen merknader til ein utviding av Einarvatnet naturreservat.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

Forsvarsbygg har ingen merknadar til vernet på Einarvatnet naturreservat.

Statsforvaltaren tek fråsegna til orientering.

Grunneigar gnr./bnr. 130/6 i Flekkefjord kommune, ved representant Bredo Frantzen, peikar på at deira eigedomsnummer ikkje er inkludert i opplistinga i framlegg til ny forskrift.

Statsforvaltaren tek fråsegna til etterretning og endrar og føyer gnr./bnr. 130/6 til eigedomslista i forskrifta.

Språkrådet har vurdert namneform for verneområdet og ber om at ein endrar skriveform frå «Einarvannet» til «Einarvatnet» da det er i tråd med nedarva talemålet i Lund kommune og dei indre delane av Flekkefjord kommune.

Statsforvaltaren tek fråsegna til etterretning og endrar namnet til Einarvatnet naturreservat.

Landbruksdirektoratet ber Statsforvaltaren syte for at naudsynt omsyn til at jordbruksdrift vert teken i arbeidet med vernet gjennom forskrifta. Dei peikar særskilt på høva rundt skogsbilvegar, traktorvegar for jordbruk, seterdrift, beite og reindrift.

Statsforvaltaren peikar på at føresetnadane landbruksdirektoratet peikar til er møtt gjennom ordninga frivillig vern som landbrukssektoren er ein del av. Det er ein føresetnad at me handsamar kvar ein verneprosess med lokal tilpassing og tek tilstrekkeleg omsyn til vidareføring av eksisterande landbruksverksemd som ikkje går på tvers av føremålet med vernet. Statsforvaltaren merker seg at Landbruksdirektoratet berre kjem med generelle merknadar, avgrensa til dei avklarte føringar som allereie gjeld for ordninga generelt på nasjonalt nivå. Høyringa i den aktuelle vernesaka hadde som føremål å få konkrete innspel knytt til det faktiske området.


Norges vassdrags- og energidirektorat gjer oss merksam på at Agder Energi Nett AS er konsesjonær i eksisterande verneområde, og Enida AS (Dalane Nett AS) er områdekonsesjonær i utvidinga. Enida driftar eit 66 kV regionalnett Øverli-Konstadli, der ei oppgradering bør ventast i nær framtid. NVE ser også at standard-formuleringane i forskrifta er tilstrekkelege, men ber konsesjonærane om å få utale seg til kommande høyring. Ein søknad om småkraftverk i Bringedal blei avslått i2009, men eit småkraftverk er digitalt kartfesta frå Fløyen til Lundevatnet. NVE ser det som svært dyrt og lite sannsynleg å realisere, likevel ber NVE Statsforvaltaren om at grunneigar blir informert om alternativet.

Statsforvaltaren tek fråsegna til etterretning og rettar høyringa også til Agder Energi Nett AS og Enida AS. Om digitalt småkraftverk frå Fløyen til Lundevatn så følger det elva i Tronvikdalen. Denne elva ligg i sitt heile utanfor avgrensinga til utvidinga, og utvidinga vil ikkje kome i konflikt med ei eventuell realisering.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard har vurdert om området rører ved registrerte mineralressursar. Dei peikar på at innafor avgrensinga i utvidinga så er det registrert ein førekomst med jernleggeringsmetaller (Cr, Ni, Co, V, Mo, W) utan at råstoffbetydinga er vurdert (Førekomst nr 004892 Bringedal, jf. NGU). Dei oppmodar Statsforvaltninga om å ta kontakt med NGU for å få meir informasjon om registreringa. DMF ber vidare om at kartgrunlaget blir gjort tilgjengeleg digitalt gjennom eksisterande WMS-tenester.

Statsforvaltaren følger oppfordringa frå Direktoratet for mineralforvaltning og søkte informasjon frå NGU om førekomsten. NGU svarar med at området blei undersøkt i 1917 av geolog Schetelig og bioingeniør Blekum. Dei fann molybdenførekomst som etter nærare undersøking (1960-70-talet) i all hovudsak ligg i Agder (sjå figurar frå Bergarkivet). I 1975 blei førekomsten vurdert som ikkje økonomisk drivverdig, jf. NGU Malmdatabasen. Dei registrerte førekomstane knytt til Bringedalen ligg rundt Einarvatnet i eit område som allereie er inkludert i eksisterande vern, og i så måte vil ein utviding av dette vernet ikkje føre til endring i restriksjonane for uttak av førekomsten. Statsforvaltaren i Rogaland vurderer naturverdiane i område som større enn ikkje økonomisk drivverdige førekomstar av førekomsten, og ein utviding av vernet vil sikre eit større robust heilskapleg skogsareal.

SKISSE
Bringedals-feltet
M = ca. 1/3000



TegnForklaring:

- Rösker = [red line]
- Malm = [red line with cross-ticks]
- Bergselskapets skjærp = [circle with cross]

Hørges Geologiska Undersökelse
Bergarkivet
Kart n.r.: 37



Norges Geologiske Undersøkelser
 Bergarkivet
 Kart nr.: 35

Kartskisse
 over
 Strækningen Ø. Sandsmark-Tronvik

Målestokk 1: 25000

Røde streker angir Molybdänganger.

..... angir *Wolfram* 24/10-30
 og *Uran*
 og *Vanadium*
 og *As*

Paa grundlag av forhaandene karte, lodret
 og barometernaalteknisk opstet sidst i Oktobr 1936
 E. S. S. S. S.

Kopi: Arkitekt Spyland, Flekkefjord - 23.30.

Dalane friluftsråd drifter Bringedal friluftsområde gnr./bnr. 18/1 for Lund kommune.

Bringedalen er eit viktig og mykje nytta friluftsområde for regionen. Dalane friluftsråd arbeider med å legge området til rette for ålmenta. Friluftsrådet driftar Bringedalshytta, ein gapahuk ved Bringsdalsvatnet, eit «klatreslott» i planteskog ved Bringedalshytta, og ei jordgamme ved Heimra Krokevatn. Det er om lag 14 km turstiar i området, og det er til dels stor slitasje på desse stiane. Det er behov for vedlikehald og klopper på fuktige stadar. I samband med vedlikehald kan det være behov for motorisert ferdsel for transport av materiale. Bringedalshytta er ofte nytta av skuleklassar, foreiningar, lag og familiar. I tillegg kjem einskilde større arrangement med opp mot 300 deltakarar. Vegen inn til Bringedalshytta er mykje nytta og krev kontinuerleg vedlikehald. Det er behov for ved til Bringedalshytta, bålplass ved gapahuken og jordgamma.

Statsforvaltaren takkar for merknadane frå Dalane friluftsråd. Dette er eit viktig område med mange interesser, både friluftinteresser og naturmangfald. Eigedommen 18/1 i Lund kommune er eigd av Miljødirektoratet som statleg sikra friluftareal. Det er utan tvil ein betydeleg aktivitet, og da særskilt i sjølve Bringedalen, men også i rundløypa opp mot Heimra Krokevatnet. Å legge til rette for friluftsliv i området og samstundes ta vare på naturmangfaldet i mest mogleg urørd tilstand, jf. forskrift § 1 føremål, er ikkje sjølvmodsigande. Å foreine desse interessene blir ei oppgåve for forvaltninga og aktuelle samarbeidspartnarar. Dette vil gå fram av både forvaltingsplan og gjennom ein besøksstrategi. Med å endre supplere status frå statleg sikra friluftareal til også å bli naturreservat så vil naturverdiane få betre sikring, og derimellom vil også moglegheit for friluftsliv i natur få betre framtidig sikring. Bringedalen er eit aktivitetssenter for Dalane friluftsråd, og eit vern vil ikkje utelukka at dette også vil kunne bli eit naturleg besøkscenter for naturreservatet.

Området rundt Bringedalshytta er eit større plantefelt ned mot Bringedalsvatnet. Denne granskogen blei planta for tømmerproduksjon og vil bli hausta slik at området kan restaurerast mot skog med stadeigne treslag. Sjølve engene rundt Bringedalshytta er det intensjonen å tilbakeføre til slåtteng, og det er ønskeleg å ta vare på tuftane og kulturminna her. Framtidig skjøtsel og vedlikehald av desse kulturminna må avklarast mot både vernereglane og kulturminnemynde. Med utgangspunkt i Bringedalen går det fleire merka turar innafor utvidinga og eksisterande verneområde. Vedlikehald av eksisterande bygningar, jordgammalar, gapahukar og vegar er ikkje hindra av vernereglane, jf. § 4 d). Rydding og merking av eksisterande stiar må omsøkast, jf. § 7 d). Dalane friluftsråd har på oppmoding tilkjennegitt deira bygningar, installasjonar og stiar, slik at det blir med på vernekartet. Dalane friluftsråd skriv at området, særskilt Bringedalen, nyttast av foreiningar, skuleklassar og andre til store og små arrangement med opp mot 300 deltakarar. I dialog med Dalane friluftsråd kjem det fram at det er i hovudsak er mindre grupper t.d. skuleklasser og liknande. Når det gjelder større arrangement så er Dalane friluftsråd anten arrangør eller med-arrangør. I vernereglane er det eit forbod mot større arrangement, jf. § 3 d), men at det kan opnast gjennom søknad, jf. § 7 a). Kva som er eit større arrangement ligg til forvaltninga, og bør framgå av forvaltingsplan og besøksstrategien. For dei arrangementa som går gjennom Dalane friluftsråd må dei opprette rutinar for å avklare søknadsbehov med forvaltingsmynde. Forvaltningsplanen etter verneforskrifta vil klargjere dette søknadsbehovet nærmare. Slike søknadar er oftast ikkje omfattande, og det er til for å sikra ein

dialog mellom forvaltingsmynde og dei som vil nytte verneområdet. For området rundt Bringedalshytta, dvs. Bringedalen under kvote 200 moh, så vil me vurdere grupper opp mot ei normal skuleklasse som under søknadskrav. Utanfor dette arealet vil me legge til grunn ei nærmare vurdering av det einskilde arrangementet og kor sårbar naturen er (samla belastning). Dette er ei naudsynt tilnærming for å kunne ivareta både naturverdiane og moglegheita for friluftsliv. Når det gjelder Bringedalen spesielt, så kan ein status som naturreservat opna moglegheit (differensiert forvaltning) til å vidareutvikle sjølve Bringedalshytta som eit besøkssenter som kan fremje naturverdiar og naturkunnskap. Det vil bli lagt opp til at det blir utarbeida ein besøksstrategi for området slik at dei ulike interessene kan ivaretakast.

Statsforvaltaren i Agder (SFAG) som forvaltingsmynde av Einarvatnet naturreservat er positive til ein utviding av verneområdet. Utvidinga vil bidra med nye skogsnaturtypar og om lag ein dobling av skogsarealet. Dette vil bety ein kraftig styrking av tålegrad for reservatet med omsyn til skogsdynamikk og biologisk mangfald. Statsforvaltaren peikar på eit større plantefelt i Bringedalen, og dei tilrår at skjøtselsbehov og eventuelle vilkår for uttak blir presisert i høyringsdokumenta.

Statsforvaltaren i Rogaland ser fram til å samarbeide med SFAG om forvaltninga av Einarvatnet naturreservat på tvers av fylkesgrensa. Området vil få eit betydeleg løft i forhold til naturtypar assosiert med furuskog, men også edellauvskog i område ved Tronvika. I Bringedalen er det som SFAG peikar på plantefelt med framande treslag. Følgande setning ble tung: Det er eit stort plantefelt som i sjølve Bringedalen, eit lite felt som står i litle Bringedal (340 kubikk gran), og eit mindre felt (140 kubikk) langs nedre del av vegen inn til Bringedalen. Det er Statsforvaltaren sin intensjon å fjerne desse felte og restaurere områda til slåtteng rundt Bringedalshytta og naturskog elles. Med unntak av det minste feltet står plantefelta på Miljødirektoratet sin eigedom. Det er difor under utarbeiding ein takst og forslag på uttaksmetode, slik at eit konkurransegrunnlag kan utformast og ligge klart ved eventuelt vernetidspunkt. Dette prosjektet vil inngå i den nye rammeavtala for skjøtselhogst av framande treslag i verneområde. På grunn av ein eldre smal veg (kulturminne), så vil denne hogsten vere komplisert. Einskilde delar av denne skogen, i litle Bringedal, vil nok i all hovudsak fraktast ut med helikopter. Delar av kostnadane vil bli dekt gjennom sal av tømmer. Dalane friluftsråd vil bli tilbydt vyrke til ved. All skog i området er hogstmoden, dvs. hogstklasse 5.